

Informasjon om undervisningsevalueringa

Evalueringa gjennomførast som ei elektronisk spørjeundersøking som elevane skal gjennomføre i skuletida. Det er frivillig for elevane å svare på undersøkinga, men vi oppmodar alle elevar til å delta. Svara vert handsama konfidensielt, og ingen vil kunne identifisere enkelt svar.

Elevane skal evaluere undervisninga til lærarar. Den enkelte elev skal svare på evalueringa éin eller fleire gongar. Talet avheng av kor mange av eleven sine undervisningsgrupper som blir valde ut til å evaluere. Det er også mogleg at ein elev ikkje skal evaluere nokre lærarar.

Det er skoleadministrator som har bestemt kva grupper som skal evaluerast. Spørsmåla er like for alle fag/undervisningsgrupper. Spørjeskjemaet er utvikla i samarbeid mellom Rambøll og Vestland fylkeskommune. Skjemaet inneheld spørsmål fordelt på fem tema:

- Motivasjon og meistring
- Vurdering
- Støtte frå lærar
- Læringsmiljøet i klassen
- IKT

Om de har spørsmål til undersøkinga, kan de kontakte Vestland fylkeskommune ved seniorrådgjevar Stig Aasland, Stig.Arne.Vestol.Aasland@vlfk.no

Med helsing

Kristin S. Råsberg (s)
Rektor